



Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato:

23.04.2025

Vår ref:

2023/15707

Dykkar dato:

12.03.2025

Dykkar ref:

202502034

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon

Eyvin Søltnæs, 5764 3135

Fråsegn - detaljplan for miljø og landskap - Øksnelvane kraftverk - Bremanger

Statsforvaltaren legg til grunn at ei utbygging skjer etter prinsipp om berekraftig bruk, med minst mogleg nye varige naturinngrep.

Vi viser til høyringa av detaljplan for Øksnelvane kraftverk og søknad om anleggskonsesjon for nettilknytninga.

Kva høyringa gjeld

Nye Øksnelvane kraftverk er planlagt bygt i Ålfoten, parallelt med det gamle Øksnelvane kraftverk. Det nye kraftverket vil ha inntak i det same magasinet som det gamle kraftverket (Øksendalsvatnet), og med vassveg og kraftstasjon i fjell. Det blir mykje overskotsmassar frå boring av vassveg og stasjonshall. Firdakraft AS har i detaljplanen omtalt korleis dei planlegg å handtere massane, i tillegg til anna mellombels og permanent arealbruk for bygginga av kraftverket. Dei planlagde sjødeponia blir handsama av Statsforvaltaren etter forureiningslova.

SFE Produksjon AS søker om å knyte kraftverket til nettet med ein 132 kV jordkabel som skal leggjast i eksisterande nedgravne trekkerøyr frå Lunden transformatorstasjon, langs privat veg til portalområdet til kraftverket. Vidare skal 132 kV-kabelen leggjast i kulvert i fjellet, saman med ein 22 kV kabel fram til kraftstasjonen.

Vår vurdering

Vi legg til grunn at tiltaket blir gjennomført etter prinsipp om berekraftig bruk, lovfesta gjennom naturmangfaldlova. Dette inneber krav om eit tilstrekkeleg godt kunnskapsgrunnlag, og at utbygginga skjer etter miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar.

Utbygginga bør altså utførast med minst mogleg nye naturinngrep, alle anlegg bør tilpassast godt til terreng/landskap, og området bør setjast i stand att i tråd med moderne praksis, basert på den lokale frøbanken. Det bør stillast vilkår om relevante avbøtande tiltak som er føreslege i konsekvensutgreiingane.

E-postadresse:
sfvlpost@statsforvalteren.no
Sikker melding:
www.statsforvalteren.no/melding

Postadresse:
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse:
Njøsavegen 2, Leikanger
Solheimsgaten 13, Bergen
Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00
www.statsforvalteren.no/vl
Org.nr. 974 760 665



Den største påverknaden for naturmiljøet er knytt til deponering av steinmassar, estimert til ca. 220 000 m³. Utbyggar omtalar ressurspyramiden for bruk av overskotsmasse, og vi legg til grunn at massane i størst mogleg grad blir brukt til samfunnsnyttige føremål.

Det er planlagt sjødeponi ved Åskåra, Lunden og portalområdet/Klubbevika. Dei to utgreidde alternativa er identiske, bortsett frå at fyllinga er innskrenka ved alternativ 2. Eit tidlegare konsekvensutgreia alternativ med djupvassdeponi er teke ut av planane.

Kunnskapsgrunnlaget om marint naturmiljø er basert på feltkartleggingar i 2023, i tillegg til eksisterande naturdatabasar. Konsekvensvurderinga er at begge alternativa vil få *noko negativ konsekvens*, på grunn av at naturtypene tareskog og gyteområde for torsk vil bli *noko forringa*, og at økologisk funksjonsområde for raudlista sjøfugl og pigghå vil bli påverka frå *ubetydeleg endring opp mot noko forringa*. Eit ålegrassamfunn med verdi svært viktig (A) ved Holmane, på motsett side av fjorden, er vurdert til å bli *ubetydeleg påverka*.

I tillegg har det blitt gjennomført to naturtypekartleggingar ved oppdrettsanlegg som viser at det finst raudlista hardbotnkorallar og førekomstar av sjøfjørsamfunn i fjordsystemet. Dette understrekar at det er viktig å minimere partikkelspreiinga frå tiltaksområdet.

Alternativ 2 er rangert høgare enn alternativ 1 på grunn av mindre arealbeslag av naturverdiar, og vil følgeleg vere det minst ugunstige for naturmiljøet. Det bør stillast vilkår om avbøtande tiltak som kan redusere påverknaden for marint naturmiljø, og konsekvensutgreiinga viser særleg til tiltak for å redusere partikkelspreiinga. Dette legg òg detaljplanen opp til.

Inntaket skal byggjast i eksisterande reguleringsdam, som har vegtilkomst i dag, og vassveg og kraftstasjon skal byggjast i fjell. Nye inngrep i terrestrisk naturmiljø, utover strandområda som blir påverka av utfyllingar og rigg, ser dermed i stor grad ut til å kome på eller nær eksisterande inngrep. Vi konstaterer òg at straumkablane skal leggjast i eksisterande infrastruktur.

Med helsing

Julie Marie Andersen
seniorrådgjevar

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Vestland fylkeskommune
Bremanger kommune
Fiskeridirektoratet

Postboks 7900
Postboks 104
Postboks 185 Sentrum

5020 BERGEN
6721 SVELGEN
5804 BERGEN